

Utval: Fylkeseldrerådet i Hordaland
Møtestad: SUNNHORDLAND, Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgt. 5, Bergen
Dato: 05.09.2019
Tidspunkt: 09:30 – 16:00

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Monrad Reigstad	Nestleiar	PF
Synnøve Solbakken	Medlem	FL A/SP/SV til 12:20
Gunda Falao Sparre	Leiar	LOP
Odd Himle	Medlem	SN-H
Inger M. Lingjerde	Medlem	PF
Gunvor Opedal	Medlem	PF
Inger Sjong	Medlem	FL H/FRP/V/MDG til 15:20

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Ingvar Skeie	spesialrådgjevar, økonomi- og organisasjonsavdelinga
Marianne Ose Askvik	spesialrådgjevar, kultur og idrettsavdelinga
Målfrid Vik Sønstabø	direktør, Skyss
Kari Steinsland	kst. leiar salg og marknad, Skyss
Marielle Solheim	som møtesekretær

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 55/19	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 56/19	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 57/19	Godkjenning av sakliste		
PS 58/19	Referatsak (meldingar)		
RS 19/19	Tildeling av statlege midlar til TT-ordninga	2018/16480	
RS 20/19	SAK: "Leve hele livet" - Stortingsmelding 15 (2017 - 2018)	2018/16480	
RS 21/19	Pasienttransport av eldre frå sjukehus til heimkommune på natta	2018/16480	
RS 22/19	Nominasjon av representantar til fylkeseldrerådet i Vestland fylkeskommune for perioden 2019 - 2023	2019/13722	
RS 23/19	Høyring om namn på haldeplassar og tunnelar langs Bybanen til Fyllingsdalen	2018/16480	
RS 24/19	KS sitt nettverk for aldersvennlege samfunn 2019/2020	2018/16480	
RS 25/19	Budsjettstatus for fylkeseldrerådet - august 2019	2018/16480	
PS 59/19	Ymse		
PS 60/19	Høyring av forslag til endringar i helsepersonellova § 29 c	2018/16480	
PS 61/19	Høyringssvar - NOU 2019:10 - Openhet i grenseland	2018/16480	
PS 62/19	Høyring - utvidelse av rettighetsbestemmelsen om brukarstyrt personleg assistanse for bestemte personar over 67 år	2018/16480	
PS 63/19	Oppnemning av representantar til brukarutvalet ved Haraldsplass diakonale sykehus	2018/16480	
PS 64/19	Innspel frå fylkeseldrerådet til budsjett 2020	2018/16480	
PS 65/19	Planlegging av Haustkonferansen 2019	2018/16480	
PS 66/19	Årsmelding 2019 for fylkeseldrerådet i Hordaland, 1. utkast	2018/16480	
PS 67/19	Invitasjon til Kontaktutvalget mellom innvandrere og styresmakter	2018/16480	
PS 68/19	Oppretting av nye møtedatoar	2018/16480	
PS 69/19	Høyring - Forslag om endringar i forskrift om ein verdig eldreomsorg - sambuargaranti	2018/16480	
PS 70/19	Høyring NOU 2019:14 Tvangsbegrensingsloven - Forslag til felles reglar om tvang og inngrep utan samtykke i helse- og omsorgssektoren	2018/16480	
PS 71/19	Pensjonistforbundet Hordaland ynskjer meir informasjon	2018/16480	
PS 72/19	Svar frå Helse Vest på uttale om nattkøyring av pasientar	2018/16480	
PS 73/19	Uttale om KS sitt nettverk for aldersvennlege samfunn	2018/16480	

PS 55/19 Godkjenning av møteinnkalling

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 05.09.2019

Vedtak

Møteinnkallinga vart godkjent utan merknadar.

PS 56/19 Godkjenning av møtebok forrige møte

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 05.09.2019

Vedtak

Møteprotokollen frå møte 19.06.2019 vart godkjent utan merknadar.

PS 57/19 Godkjenning av sakliste

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 05.09.2019

Fylkeseldrerådet vedtok samrøystes å setje PS 67/19, RS 20/19, RS 21/19 og RS 24/19 på sakslista for møtet utan saksførelegg, medan PS 68/19 – PS 70/19 vart sett på sakslista for møtet utan saksførelegg utan at det vart teken stilling til om sakene skulle realitetshandsamast.

- PS 67/19 Invitasjon til Kontaktutvalget mellom innvandrere og styresmakter
- PS 68/19 Oppretting av nye møtedatoar
- PS 69/19 Høyring - Forslag om endringar i forskrift om ein verdig eldreomsorg - sambuargaranti
- PS 70/19 Høyring NOU 2019:14 Tvangsbegrensingsloven - Forslag til felles reglar om tvang og inngrep utan samtykke i helse- og omsorgssektoren
- PS 71/19 Pensjonistforbundet Hordaland ynskjer meir informasjon
- PS 72/19 Svar på uttale om nattkøyring av pasientar
- PS 73/19 Uttale om KS sitt nettverk for aldersvennlege samfunn

Vedtak

Sakslista vart godkjend med dei merknadane som er nemnd over.

PS 58/19 Referatsak (meldingar)

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 05.09.2019

RS 20/19 SAK: "Leve hele livet" - Stortingsmelding 15 (2017 - 2018) vart omgjort til PS 71/19 Pensjonistforbundet Hordaland ynskjer meir informasjon.

RS 21/19 Pasienttransport av eldre frå sjukehus til heimkommune på natta vart omgjort til til PS 72/19 Svar på uttale om nattkøyring av pasientar.

RS 24/19 KS sitt nettverk for aldersvennlege samfunn 2019/2020 vart omgjort PS 73/19 Uttale om KS sitt nettverk for aldersvennlege samfunn

RS 22/19, RS 23/19, og RS 25/19 vart refererte.

PS 59/19 Ymse

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 05.09.2019

Orienteringar

Ingvar Skeie, spesialrådgjevar økonomi- og organisasjonsavdelinga, orienterte om budsjettprosessen for 2020.

Marianne Ose Askvik, spesialrådgjevar kultur og idrettsavdelinga, orienterte om Den kulturelle spaserstokken.

Målfrid Vik Sønstabø, direktør Skyss, og Kari Steinsland, kst. leiar salg og marknad Skyss, orienterte om aldersvennleg transport.

Gunda Falao Sparre informerte om innlegget som ho etter invitasjon haldt om fylkeseldrerådet for Kontaktutvalget mellom innvandrere og styresmakter (KIS) 30.08.19.

Inger Sjong refererte kort frå dialogmøte mellom fylkesmannen og Bergen kommune, der ho og Odd Himle deltok.

Øvrig

I samband med handsaminga av PS 66/19 råda det semje om følgjande endringar i årsmeldinga: Samandrag vil kome til; avsnittet om politiske representantar vert endra; medlemslista vert oppdatert; sekretariatet ordner fotograf til neste møte; nytt forslag til framsidebilete vert handsama på e-post.

I samband med PS 71/19 las leiar opp brev frå Pensjonistforbundet, innkome kort tid før møtet. I brevet etterlyser forbundet informasjon om fylkeseldrerådet og Leve hele livet.

I samband med PS 72/19 las leiar opp brev frå Helse Vest, innkome kort tid før møtet. Dette brevet er svar på fylkeseldrerådet sin uttale, ref. PS 48/19 behandla i møte i fylkeseldrerådet 19.06.19.

PS 60/19 Høyring av forslag til endringar i helsepersonellova § 29 c

Forslag til vedtak

Høyringssvaret vert vedtatt slik det ligg føre.

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 05.09.2019

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Høyringssvaret vert vedtatt slik det ligg føre.

PS 61/19 Høyringssvar - NOU 2019:10 - Openhet i grenseland

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 05.09.2019

Det vart røysta over alternativa markert med raud tekst i forslaget til høyringssvar.

Røysting:

Pkt. 9 D, alternativ B (mindretalet) vart samrøystes vedteke, mot alternativ A (ingen røyster).
Pkt. 18.2, alternativ 2 (mindretalet), vart samrøystes vedteke, mot alternativ 1 (ingen røyster).

Vedtak

Forslaget vert vedtatt slik det ligg føre, med følgjande alternativ/endingar:

Pkt. 9 D, alternativ B (mindretalet), vart samrøystes vedteke. Alternativ A vert sløyfa.
Pkt. 18.2, alternativ 2 (mindretalet), vart samrøystes vedteke. Alternativ 1 vert sløyfa.

PS 62/19 Høyring - utvidelse av rettighetsbestemmelsen om brukarstyrt personleg assistanse for bestemte personar over 67 år

Forslag til vedtak

Høyringssvaret vert vedtatt slik det ligg føre.

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 05.09.2019

Monrad Reigstad (PF) sette fram følgjande tilleggsforslag:

«Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner at ordninga burde omfatta utover 67 år for alle med behov. Å sette ei grense ved 67 år, oppfattast som aldersdiskriminering. Ordninga burde ha vore øyremerka til kommunane, utanom rammetilskotet.»

Gunda Falao Sparre (LOP) sette på vegne av fylkeseldrerådet fram følgjande forslag:

«Tilleggsforslaget frå Reigstad vert ei tilføyning til andre kulepunkt mot slutten av skrivet.

Odd Himle (SN-H) sette fram følgjande endringsforslag:

«Ordet «meir» i siste setning i høyringssvaret må strykast.»

Røysting:

Reigstad sitt tilleggsforslag vart samrøystes vedteke.
Falao Sparre sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Himle sitt endringsforslag vart samrøystes vedteke.
Det vart ikkje røysta over fylkesrådmannen sitt forslag.

Vedtak

Reigstad og Falao Sparre sitt tilleggsforslag, samt Himle sitt endringsforslag, vart samrøystes vedteke.

PS 63/19 Oppnemning av representantar til brukarutvalet ved Haraldsplass diakonale sykehus

Forslag til vedtak

Saken sendast over til fylkeseldrerådet i nye Vestland fylkeskommune, for handsaming i rådsmøte 25.11.19.

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 05.09.2019

Røysting:

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saken sendast over til fylkeseldrerådet i nye Vestland fylkeskommune, for handsaming i rådsmøte 25.11.19.

PS 64/19 Innspel frå fylkeseldrerådet til budsjett 2020

Forslag til vedtak

Arbeidsutvalet får fullmakt til å utforme eit skriv, basert på innspela i rådsmøtet, til økonomi- og organisasjonsavdelinga, der ein gjer greie for kva behov fylkeseldrerådet i Vestland fylkeskommune vil ha for midlar i 2020.

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 05.09.2019

Gunda Falao Sparre (LOP) sette på vegne av fylkeseldrerådet fram følgjande tilleggsforslag:

«På bakgrunn av informasjonen fylkeseldrerådet har om dagens budsjett i dei to fylka legg fylkeseldrerådet til grunn at det vil vere behov for eit budsjett på 700.000 i 2020. Falao Sparre vil rådføre seg med leiar for eldrerådet i Sogn og Fjordane før AU utarbeidar skriv til økonomi- og organisasjonsavdelinga.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med Falao Sparre sitt tilleggsforslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Arbeidsutvalet får fullmakt til å utforme eit skriv, basert på innspela i rådsmøtet, til økonomi- og organisasjonsavdelinga, der ein gjer greie for kva behov fylkeseldrerådet i Vestland fylkeskommune vil ha for midlar i 2020.

På bakgrunn av informasjonen fylkeseldrerådet har om dagens budsjett i dei to fylka legg fylkeseldrerådet til grunn at det vil vere behov for eit budsjett på 700.000 i 2020. Falao Sparre vil rådføre seg med leiar for eldrerådet i Sogn og Fjordane før AU utarbeidar skriv til økonomi- og organisasjonsavdelinga.

PS 65/19 Planlegging av Haustkonferansen 2019

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan anna tilråding enn at arbeidsutvalet får fullmakt til å sjølvstendig arbeide vidare med konferansen, basert på det som de elles vedtek i denne saka.

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 05.09.2019

Gunda Falao Sparre (LOP) sette på vegne av fylkeseldrerådet fram følgjande forslag:

«AU får fullmakt til å forespørje dei kandidatane til programmet som rådet einast om i møtet, samt bestemme rekkefølga i programmet. Mykje av arbeidet vidare med konferansen vil foregå på e-post mellom rådsmedlemmane.»

Røysting

Falao Sparre sitt forslag vart samrøystes vedteke. Fylkesrådmannen sitt forslag vart ikkje røysta over.

Vedtak

AU får fullmakt til å forespørje dei kandidatane til programmet som rådet einast om i møtet, samt bestemme rekkefølga i programmet. Mykje av arbeidet vidare med konferansen vil foregå på e-post mellom rådsmedlemmane.

PS 66/19 Årsmelding 2019 for fylkeseldrerådet i Hordaland, 1. utkast

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek årsmeldinga slik den ligg føre. Arbeidsutvalet får fullmakt til å gjere mindre endringar i ettertid, i form av eventuelle oppdateringar og tilføyningar.

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 05.09.2019

Gunda Falao Sparre (LOP) sette på vegne av fylkeseldrerådet fram følgjande forslag:

«AU får fullmakt til å gjere endringar, oppdateringar og tilføyningar i tråd med innspela i møtet. Årsmeldinga vert behandla vidare i møte 07.11.19.»

Røysting

Falao Sparre sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Det vart ikkje røysta over fylkesrådmannen sitt forslag.

Vedtak

AU får fullmakt til å gjere endringar, oppdateringar og tilføyningar i tråd med innspela i møtet. Årsmeldinga vert behandla vidare i møte 07.11.19.

PS 67/19 Invitasjon til Kontaktutvalget mellom innvandrere og styresmakter

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 05.09.2019

Saka vart lagt fram i møtet utan saksframlegg.

Gunda Falao Sparre (LOP) sette på vegne av fylkeseldrerådet fram følgjande forslag:

«Fylkeseldrerådet i Hordaland vil oppmode fylkeseldrerådet i Vestland til å invitere Kontaktutvalget mellom innvandrere og styresmakter til møte i fylkeseldrerådet.»

Røysting

Falao Sparre sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkeseldrerådet i Hordaland vil oppmode fylkeseldrerådet i Vestland til å invitere Kontaktutvalget mellom innvandrere og styresmakter til møte i fylkeseldrerådet

PS 68/19 Oppretting av nye møtedatoar

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 05.09.2019

Saka vart lagt fram i møtet utan saksframlegg.

Gunda Falao Sparre (LOP) sette fram følgjande forslag:

«Fylkeseldrerådet i Hordaland gjenopprettar dei opphavlege møtedatoane 07.11.19 og 05.12.2019.»

Røysting

Falao Sparre sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkeseldrerådet i Hordaland gjenopprettar dei opphavlege møtedatoane 07.11.19 og 05.12.2019.

PS 69/19 Høyring - Forslag om endringar i forskrift om ein verdig eldreomsorg - sambuargaranti

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 05.09.2019

Saka vart lagt fram i møtet utan saksframlegg.

Gunda Falao Sparre (LOP) sette fram følgjande forslag:

«AU utarbeidar forslag som behandlast i møtet 07.11.19.»

Røysting

Falao Sparre sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

AU utarbeidar forslag som behandlast i møtet 07.11.19.

PS 70/19 Høyring NOU 2019:14 Tvangsbegrensingsloven - Forslag til felles reglar om tvang og inngrep utan samtykke i helse- og omsorgssektoren

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 05.09.2019

Saka vart lagt fram i møtet utan saksframlegg.

Inger M. Lingjerde (PF) sette fram følgjande forslag:

«Fylkeseldrerådet gjer uttale.»

Monrad Reigstad (PF) sette fram følgjande forslag:

«Fylkeseldrerådet gjer felles uttale med Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.»

Gunda Falao Sparre (LOP) sette fram følgjande forslag:

«AU utarbeidar forslag med innspel frå resten av rådet til møtet 07.11.19.»

Røysting

Lingjerde sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Reigstad sitt forslag fekk ingen stemmer, og fall.
Falao Sparre sitt vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkeseldrerådet gjer uttale. AU utarbeidar forslag med innspel frå resten av rådet til møtet 07.11.19

PS 71/19 Pensjonistforbundet Hordaland ynskjer meir informasjon

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 05.09.2019

Fylkeseldrerådet vedtok samrøystes å setje RS 20/19 SAK: "Leve hele livet" - Stortingsmelding 15 (2017 - 2018) på sakslista for møtet utan saksførelegg.

Gunda Falao Sparre (LOP) og **Monrad Reigstad (PF)** sette fram følgjande forslag:

«Fylkeseldrerådet svarer i brev at (1) all etterspurd informasjon om fylkeseldrerådet ligg på nettsidene til Hordaland fylkeskommune, (2) at dei har fått etterspurd informasjon frå rådet tidlegare, (3) at dei må kontakte fylkesmannen for spørsmål om Leve hele livet.»

Røysting

Falao Sparre og Reigstad sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkeseldrerådet svarer i brev at (1) all etterspurd informasjon om fylkeseldrerådet ligg på nettsidene til Hordaland fylkeskommune, (2) at dei har fått etterspurd informasjon frå rådet tidlegare, (3) at dei må kontakte fylkesmannen for spørsmål om Leve hele livet.

PS 72/19 Svar frå Helse Vest på uttale om nattkøyring av pasientar

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 05.09.2019

Fylkeseldrerådet vedtok samrøystes å setje RS 21/19 Pasienttransport av eldre frå sjukehus til heimkommune på natta på sakslista for møtet utan saksførelegg.

Gunda Falao Sparre (LOP) sette på vegne av fylkeseldrerådet fram følgjande forslag:

«AU sender ei påminning til Haraldsplass DS og Helse Bergen, og ber om svar.»

Odd Himle (SN-H) sette fram følgjande forslag:

«Fylkeseldrerådet vil, når ein har fått svar frå alle, gje beskjed til Helse Fonna og Helsedepartementet om at ein ikkje er nøgd med svaret frå førstnemnde.»

Røysting

Falao Sparre sitt forslag vart samrøysted vedteke.
Det vart ikkje røysta over Himle sitt forslag.

Vedtak

AU sender ei påminning til Haraldsplass DS og Helse Bergen, og ber om svar.

PS 73/19 Uttale om KS sitt nettverk for aldersvennlege samfunn

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 05.09.2019

Fylkeseldrerådet vedtok samrøystes å setje RS 24/19 KS sitt nettverk for aldersvennlege samfunn 2019/2020 på sakslista for møtet utan saksførelegg.

Inger Sjong (FL H/FRP/V/MDG) sette fram følgjande forslag:

«Fylkeseldrerådet sender følgjande uttale til fylkesrådmann:

Fylkeseldrerådet reagerer på at ikkje saka er lagt fram for rådet til uttale, og at ein ser på dette som eit brot på gjeldande lov om at fylkeseldrerådet skal høyrast i alle saker som omhandlar eldre.»

Røysting

Sjong sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkeseldrerådet sender følgjande uttale til fylkesrådmann: «Fylkeseldrerådet reagerer på at ikkje saka er lagt fram for rådet til uttale, og at ein ser på dette som eit brot på gjeldande lov om at fylkeseldrerådet skal høyrast i alle saker som omhandlar eldre.»